



Frivilligkontrakten er sist oppdatert:

Januar 2022

FRIVILLIGKONTRAKT

Denne kontrakten er eit bindande dokument som den frivillige skal lese, setje seg inn i og forstå. Ho inneheld klare krav Vinjerock set til den frivillige, og kva den frivillige kan forvente seg av Vinjerock som oppdragsgjevar.

Vinjerock plikter å:

- Gje den frivillige festivalpass og frivillig t-skjorte
- Gje den frivillige bongar til mat og drikke i arbeidstida
- Informere den frivillige om arbeidsoppgåver
- Informere om tidspunkt og møtestad for vaktar
- Sende ut elektronisk attest for utført arbeid, på førespurnad

Den frivillige plikter å:

- Setje seg inn i arbeidsoppgåvene sine og utføre desse etter gruppeleiars krav
- Møte opp til fastsett tid og sted på oppsette vaktar, og ikkje forlate posten sin før vakta er over
- Vera blid og imøtekommande mot publikum og andre medarbeidarar
- Ikkje vera påverka av alkohol eller andre rusmiddel medan ein er på vakt
- Ha på frivillig t-skjorta på vakt, og ta av seg frivillig t-skjorta når ein ikkje er på vakt

Dersom du som frivillig unnlèt å rette deg etter dine pliktar, atterheld Vinjerock retten til å klype av festivalbandet og fakturerer deg for eit stk. festivalpass + sosiale utgifter pålydande kr 2000,-

Teieerklæring

Den frivillige er med si påmelding forplikta til å rette seg etter denne før, under og etter festivalen.

Alle forhold den frivillige får innsyn i, kva angår artistar, artistars fylgje eller andre tilknytning til artistar, pliktar den frivillige å halde for seg sjølv. Dette gjeld i særleg grad i backstage-området.

Du som frivillig skal ikkje under nokon omstende uttale deg på vegne av festivalen til presse eller andre medieinstansar utan at dette er avklart med gruppesjef eller anna stabsmedlem i Vinjerock.

Til slutt:

Ha det gøy og kos deg på Vinjerock. Saman lager me atter sumarens vakraste eventyr i Jotunheimen!